



DOVRE KOMMUNE

Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Vår ref
2014/555/2/V13

Deres ref:

Saksbehandler
Ellen Marie Sørungård Syse
47468510

Dato
04.11.2014

Høyring - Forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Vedlagt følger politisk behandling av høyringsuttale frå Dovre kommune, jf tidlegare oversending innan høyringsfristen.

Uttala er behandla av Plan-, nærings- og utviklingsstyret i Dovre kommune.

Med helsing

Ellen Marie Sørungård Syse
Landbruksrådgjevar



DOVRE KOMMUNE

Saksnr: 2014/555 -1
 Arkiv: V13
 Saksbehandler:
 Ellen Marie Sørungård Syse
 Dato: 19.10.2014

Saksframlegg

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|------------|-------------------------------------|------------|
| 45/14 | Plan-, nærings- og utviklingsstyret | 28.10.2014 |

Høyring - Forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

- 1 S Høyring - Forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Vedlegg:

- Høyringsnotat - Forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket
- Utkast til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Vedtak til:

Saksbehandlar sender ut.

Saksutredning:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Frist for høyringsuttale er 20. oktober 2014, og ny forskrift skal tre i kraft 1. januar 2015.

Bakgrunn for forslaget:

Dagens produksjonstilskotforskrift har vore gjeldande i 12 år. I løpet av denne perioden har vilkåra for tilskot i forskrift og jordbruksavtale berre vore gjenstand for mindre justeringar. Erfaringane sidan forskrifta vart fastsett i 2002 tilseier at det no er naudsynt med ein meir heilskapleg gjennomgang.

Regjeringa sitt mål er å styrke landbruket gjennom forenkling av regelverk og verkemidlar over jordbruksavtala. Dei viktigaste områda er:

- Avvikling av særforesegnene for samdrifter
- Oppheving av formelle felles eigarinteresser som sjølvstendig grunnlag for å kunne avskjere tilskot
- Oppheving av kravet om at føretaket må vere mva-registrert eller ha hatt ein avgiftspliktig omsetnad på minimum 20 000 kroner året før søknadstidspunktet
- Endra produksjonskrav for føretak med amme- eller mjølkekyr
- Endring av vilkåra for tilskot til avløysing ved ferie og fritid

Ei avvikling av særreglane for samdrifter inneber at kompliserte føresegner i produksjonstilskotsforskrifta og avløysarforskrifta kan opphevast, og utgjer dermed eit betydeleg bidrag til eit enklare og meir oversiktleg produksjonstilskotsregelverk.

Departementet ser vidare behov for å inkorporere regelverket for tilskot til avløyning ved ferie og fritid i produksjonstilskotsregelverket.

Vurdering:

Tal frå søknad om produksjonstilskot og avløyning ved ferie og fritid i januar og august 2013 viser at det i Dovre vart utbetalt totalt 31,3 millionar kroner i produksjonstilskot og 4,9 millionar kroner i avløysartilskot.

Endringane som er foreslegne er delvis ei presisering av regelverk som vil ha same formål som tidlegare, delvis mindre justeringar for å tilpasse regelverket til den utviklinga som har vore og delvis ei endring i krav/vilkår for å motta produksjonstilskot.

Dovre kommune vil her kommentere nokre punkt i forslaget til ny forskrift som ein meiner vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i Dovre:

- Avløysartilskot

I forslaget til forskrift er det lagt opp til at avløysartilskot ikkje lengre kan utbetalast til avløysarlaga. Dette vil gjere at avløysarlaga ikkje lengre kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til avløyning og sjukdomsavløyning. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan gå utover dyrevelferden. Dovre kommune ønskjer ikkje denne endringa i regelverket, då ein med dette sett ei velfungerande ordning for sjukdomsavløyning og dyrevelferd i fare.

Forskrift om produksjonstilskot og avløyning ved ferie og fritid bør ikkje slåast saman. Krav til endringar i produksjonstilskot, kan og på sikt føre til krav om kutt/endingar i avløysartilskotet (WTO). Det er meir naturleg at avløyning ved ferie og fritid og sjukdomsavløyning er i same forskrift, som i dag. Begge ordningane er velferdsordningar, og høyrer saman.

- Samdrifter og beite

I departementet sitt forslag til ny forskrift er det lagt opp til at samdrifter skal leige beiteareal, og medlemmane i samdrifta ikkje lengre kan få dispensasjon for å nytte samdrifta sine beitedyr på beiteareala medlemmane sjølve disponerer og søker arealtilskot på. Dovre kommune meiner dagens ordning med høve til dispensasjon er betre tilpassa dei faktiske tilhøva der dei ulike medlemmane i samdrifta (grunneigarane) som bur på gardane har tilsyn med dyra som beitar i nærleiken. Ofte har han/ho og ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal generelt. Det er i forskriftsforslaget lagt opp til vidareføring av dispensasjonsordning knytt til hest på beite, og ein meiner det er rett å fortsatt opne for dette og knytt til samdrifta sine dyr.

- Tilskot til bevaringsverdige storferasar

I forslaget til ny forskrift er oversikt over kva rasar dette gjeld flytt til jordbruksforhandlingane. I dag ligg dette i forskrifta. Dovre kommune meiner at denne oversikta fortsatt må ligge i forskrift, for å sikre langsiktigheit og forutsigbarheit, og for å sikre at definisjonen av bevaringsverdig rase skjer på eit fagleg grunnlag (Norsk Genressurscenter). Dette bør ikkje vere gjenstand for årlege forhandlingar.

- Avkorting

Departementet forslår å gjere om dagens «kan-regel» til ein «skal-regel» når det gjeld avkorting og regelverksbrot. Dette meiner Dovre kommune i mange tilhøve vil vere svært lite hensiktsmessig, og ikkje minst uforholdsmessig «strengt». Dagens «kan-regel» for avkorting ved feilopplysningar må vidareførast.

Når det gjeld driftsfellesskapsføresegna, kan ein ikkje sjå at dette i utgangspunktet svært kompliserte området vert forenkla med forslaget til ny forskrift, kanskje snarare tvert i mot.

Rådmannens innstilling:

Plan-, nærings og utviklingsstyret vedtek fylgjande uttale til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket:

Dovre kommune vurderer dei fleste foreslegne presiseringane i regelverket som hensiktsmessige. Dovre kommune vil likevel framheve fylgjande punkt som vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i kommunen:

- Dersom avløysartilskot ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen på å forskottere utgiftene til avløysing og sjukdomsavløysing. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan gå ut over dyrevelferden.
- Forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot bør ikkje slåast saman.
- Definisjonen av bevaringsverdig rase bør skje med fagleg grunnlag (Genressurscenter) og bør ligge fast i forskrifta slik at den er langsiktig og forutsigbart.
- Dagens ordning med mulighet for dispensasjon for beiting med dyr frå samdriften er betre tilpassa faktiske forhold der grunneigaren har tilsyn med dyra og vanlegvis ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal.
- Forslag som ligg inne gjeldande avkorting og regelverksbrot vil i mange tilfelle vera uforholdsmessig rigid. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Saksprotokoll i Plan-, nærings- og utviklingsstyret - 28.10.2014

Behandling

Vedtak

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.